

Til:

Porto

PRISAR

Kurs m. kost: 3000 kr (Tips: Søk kommunen din om SMIL-stønad)

Kurs m. kost og overnatting: 3500 kr

PÅMELDING

Påmeldingsfrist er 15. mai.

Påmelding er bindande.

Giro for betaling sendast ut etter påmeldingsfrist.

Påmelding til: Kulturlandskapsenteret,

jf. kontaktinfo under.

Avs./Arrangør:

Kulturlandskapsenteret i Telemark AS

Bygdesentralen

3690 Hjartdal

Tlf. 35024067 / 99258391

E-post: post@kulturlandskapsenteret.no

Heimeside: www.kulturlandskapsenteret.no



Kulturlandskapsenteret



KURS I TØRRMURING RESTAURERING AV STEINGARDAR

MED EYSTEIN GREIBROKK

SU-HOVLAND, HJARTDAL
28.—30. MAI 2009

FOR GARDBRUKARAR, HANDVERKARAR,
ANDRE INTERESSERTE

Kulturlandskapssenteret byd inn til kurs i tørrmuring med vekt på restaurering av steingardar, på den gamle gjestgjevargarden Su-Hovland i Hjartdal 28.-30. mai.

Steingardane er viktige element i dei gamle smålendte jordbrukslandskapa. Mange stader er dei i dårleg forfatning, og kunnskapen om vøling og vedlikehald er i ferd med å bli borte.

På dette kurset vil **Eystein Greibrokk** gje oss ei grunnleggjande innføring i teknikkar. Fyrste dagen er sett av til teori og synfaringar, andre og tredje dagen til læring i praksis.

Kurset er lagt til Su-Hovland, ein gamal gjestgjevargard i Nordbygda i Hjartdal. I landskapet på og i kring garden fins mange steingardar, murar og røyser i varierende tilstand. Tilhøva ligg såleis godt til rette for lærerike og trivelege dagar i eit levande kulturlandskap.

Tidspunktet er valt med utgangspunkt i "håballen", tida mellom våronna og fyrsteslåtten, da det tradisjonelt sett var tid for førefallande arbeid og vøling av ymist slag.

Maks tal deltakarar er 10 stk.

Fyrstemann til mylla!

Kurset er støtta av Fylkesmannen i Telemark.

For gardbrukarar: Ta kontakt med din kommune for ev. stønad til deltaking gjennom SMIL-ordninga (Spesielle miljøtiltak i landbrukets kulturlandskap).

PROGRAM

Torsdag 28. mai

- 0900 Oppmøte og innkvartering (1t)
- 1000 Teori / Synfaring (2t)
- 1200 Dugurd (1t)
- 1300 Teori / Synfaring (3t)
- 1600 Middag (2t)
- 1800 Teori / Synfaring (2t)
- 2000 Kvelds / Underhaldning / Sosialt samvere

Fredag 29. mai

- 0900 Muring i praksis (3t)
- 1200 Dugurd (1t)
- 1300 Muring i praksis (3t)
- 1600 Middag (2t)
- 1800 Muring i praksis (2t)
- 2000 Kvelds / Underhaldning / Sosialt samvere

Laurdag 30. mai

- 0900 Muring i praksis (3t)
- 1200 Dugurd (1t)
- 1300 Muring i praksis / Oppsummering (2t)
- 1500 Avreise

Dei som overnattar får i tillegg servert frukost kl. 0800 fredag og laurdag.

Informasjon om kursstad, finn de på www.telegardar.no,

Tlf. til Su-Hovland er 35024725. *Påmelding* skjer til Kulturlandskapssenteret →